



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Stressar bonden slik at det går på tryggleiken laus?

Synnøve Valle

27.01.2014





# Ja...?

- Vanskeleg å svare bastant ja eller bastant nei
- Honnør til Bondelaget og Landbrukets HMS-teneste som tek tak i denne problemstillinga





# Kva er stress?

- Ubalanse mellom krav og det ein klarer å gjere
- Belastninga på helsa er avhengig av om ein kjenner at ein meistrar jobben
- Tidspress kan bidra til at omsynet til helse, miljø og tryggleik vert sett til side – kan føre til høgare andel av slitasje og ulykker
- Men: Å ha mange arbeidsoppgåver og eit hektisk arbeidsmiljø kan opplevast positivt for mange

(Arbeidstilsynet)





# Dette reduserer stress

- Passande krav
- Tilstrekkelege ressursar
- Medverknad og sjølvstyring
- God arbeidsflyt
- Klar oppgåve- og rollefordeling
- Fordeler med å redusere stress:
  - Helseplager kan forsvinne
  - Færre ulykker
  - Bete inntening?





# Statistikken

- Dei fleste arbeidstakarar opplever å vere i ei tidsklemme, uansett næring
- Landbruket er på toppen av ein lite lysteleg statistikk (kjelde: Bygdeforskning):
  - Berre tre prosent av arbeidstakarane er sysselsette i næringa, men næringa har mellom 20 og 30 prosent av alle dødsulykkene
  - Seks prosent av norske bønder er utsette for ulykke med personskade i året – 2700 bønder. 180 bønder i Møre og Romsdal
  - Nestenulykke – 16 prosent – 7200 bønder. For Møre og Romsdal utgjer dette 480 bønder





# Farar lurer over alt

- Ulykkene skjer heile året, men oftare i onnene. Flest i fjøs og driftsbygningar, men det er potensielle farar over alt
- Bøndene sjølve seier: Var ikkje merksame, hadde hastverk, tok unødige sjansar
- Færre ulykker blant yngre bønder
- Berre fem prosent av ulykker med personskade vert melde til Arbeidstilsynet





Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Slik har bøndene det i Møre og Romsdal


- Mykje legg rammer for kvardagen, til dømes:
  - Struktur
  - Leigejord
  - Inntekter
  - Anerkjening
  - Framtidstru





# Bruka er blitt mykje større

## Gjennomsnittsbruket er blitt mykje større



I Møre og Romsdal har arealet auka frå 37,3 dekar i 1959, via 120 dekar i 1999 til 181,0 dekar i 2009








# Færre produsentar

Færre produsentar, meir mjølk pr ku








# Låge inntekter

## Større skilnader på bondeløn og industriarbeidarløn



- Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk i jordbruket, landet
- Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk i jordbruket på Vestlandet
- Gjennomsnittlig industriarbeiderlønn
- Skattekorrigert vederlag for landet\*
- Skattekorrigert vederlag for vestlandet\*





# Låg anerkjenning

- Kjenner bøndene seg verdsette?
- Spørjegransking i 2012 utført av Bygdeforskning (tal for Møre og Romsdal):
  - 24 prosent kjenner at lokalsamfunnet verdset dei lågt – 71 prosent kjenner seg lågt verdsette av storsamfunnet
  - Om lag 80 prosent av bøndene kjenner seg lågt verdsette av rikspolitikarane og media





# Framtidstru

- Spørjegransking i 2012 utført av Bygdeforskning (tal for Møre og Romsdal):
  - 23 prosent trur det økonomiske resultatet vil endre seg i positiv retning dei neste fem åra (2008: 30 prosent)
  - 25 prosent trur dei vil legge ned drifta dei neste fem åra (landet: 14 prosent)
  - Under halvparten – 46 prosent – vil rå borna til å ta over (landet: 60 prosent)
  - Me er langt meir pessimistiske her i fylket!





Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Risikosport



Landbruket vil alltid vere risikofylt





# Me kan forebygge stress

- Kan forebygge mange av ulykkene på garden (det handlar om sikringstiltak, vedlikehald, varsemd...)
- Be om hjelp når livet buttar imot.  
Godtbondevett.no: Psykisk helse i landbruket – godt tiltak!
- Skape optimisme – jobbe for betre rammevilkår
- Kompetente utøvarar som meistrar jobben sin er skadeforebyggande (og gir mindre stress?).  
Landbruksutdanning er viktig!
- Bonden må også ha kollegaer og fagmiljø: «Ikke vær et ettall på jorden. Bry deg om flokken din» (Per Fugelli)





# Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Lykke til med konferansen!

